



Bergen kommune, Byrådsavdeling for barnehage,
skole og idrett
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 14.10.2016
Vår ref.: 2016/9622-3
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 201626863

Idrettsplan 2017-2027 Bergen kommune. Høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Høyringsframlegg til Idrettsplan 2017-2027 for Bergen kommune vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 12. oktober 2016. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Bergen kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av delplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at Bergen kommune bør identifisere, verdsetje og forvalte verneverdig idrettsanlegg i Bergen som kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at kulturminneverdiane knytt til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi vert teke med som eit av premissa for det vidare arbeidet med idrettsplan 2017-2017.

Saksframlegg og protokoll frå møtet er lagt ved.

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Saksframlegg og møteprotokoll

PS 134/16 Innspel til Idrettsplan 2017-2027 Bergen kommune

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Bergen kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av delplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Hordaland fylkeskommune meiner at Bergen kommune bør identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige idrettsanlegg i Bergen som kulturminne.

Nytt punkt 4:

Hordaland fylkeskommune rår til at kulturminneverdiane knytt til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi vert teke med som eit av premissa for det vidare arbeidet med idrettsplan 2017-2017.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Bergen kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av delplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at Bergen kommune bør identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige idrettsanlegg i Bergen som kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at kulturminneverdiane knytt til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi vert teke med som eit av premissa for det vidare arbeidet med idrettsplan 2017-2017.

